# Eikefjord DAGANE

## 18.–20. august 2006





Foto: Olav Hatlemark



Foto: Bård Brinchmann Løvvig









**HOVUDSPONSOR:**

Firdaposten Kystavisa

**DELSPONSORAR:**

INC GRUPPEN

sparebanken sogn og fjordane

HOVUDSPONSOR EIKEFJORDDAGANE 2006:




# Velkomen til Eikefjorddagane 2006!



"Så e' de' på'an igjen"! Etter tre år med "prøve"-prosjekt blei eikefjordingane einige om å la Eikefjorddagane bli eit fast årleg innslag i minst fem år til, og kvifor ikkje? Dei tre første gongane vart ein suksess. Bygda vår har mange ressurssterke personar som stillar opp, det var difor ikkje nokon motforstillingar mot å halde fram, så no er vi her igjen.

Vi meinar vi har funne ein form på våre dagar som vi vil halde fram med. Eikefjorddagane har funne si nisje. Mellom fotballweekendar, rockeweekendar, Kinnaspel og sommarfestar har vi lagt vekt på det gode liv. Her skal alle kunne komme innom og få ei god oppleving. Her vert det litt av alt, litt handverk, litt gardsmat, litt å fylle magen med, litt kultur, litt om livet på bondegarden, litt om sjøen, litt konkurransar og ikkje minst mykje livsglede!

Vi legg vekta på kvalitet! Det skal vere spanande å kikke i salsbodane, det skal skje noko på ei av scenene eller kanskje treff du kjente som er innom? Alt går i eit behageleg tempo. Vil du ha deg ein kopp kaffi eller eit godt måltid mat, er det ikkje vanskeleg å finne. Staben, vi som er ansvarleg for arrangementet, er lett synlege i våre oransje skjorter. Om det er noko du lurar på så spør oss!

Vi legg vekt på at barna skal kose seg. I år har vi satsa på det maritime. Det er mogleg å få seg eit seglkurs med Svanhild, bli med vikingskipet på tur. Kanskje kjem Redningsselskapets lille sjarmtroll Elias. Både laurdag og sundag vert det, i samarbeid med Sogn og Fjordane teater, ei framsyning om dei to grisane Flaks og Grise som ikkje vil vaske seg på den store badedagen. Eit stykke for "barn" i alle aldrar.

Opninga skjer fredag i Kyrkjebukta, vår eiga miljøstrand. Etter opninga tar vi vegen til kakebordet i Allhuset Vårt, der det er gratis kaffi og kake til alle. Vi fortsett til Galleri E der du finn årets utstillarar frå Krukkehuset i Ulsteinvik. Dansen laurdagskvelden med god dansemusikk av «Spik Adel» i ei atmosfære berre god gamaldags bygdedans kan gje, er og verd å få med seg!

Vi håpar å sjå dykk i Eikefjorden denne helga, dagane 18. til 20. august.
Velkomen og nyt det gode liv i Eikefjord!

Med helsing
Eikefjord Grendalag

Kristen Stæger-Breisnes, leiar

SPONSOR EIKEFJORDDAGANE 2006:

INC GRUPPEN

## Vi griper muligheter og skaper verdier



**INC INVEST AS**
Postboks 6, 6901 Florø – Tlf. 57 75 18 00 – Fax 57 75 18 01
E-mail: vidar.gronnevik@inc.sf.no

**INC ENGINEERING AS**
Postboks 294, 6902 Florø – Tlf. 57 75 18 00 – Fax 57 75 28 88
E-mail: arne.stavoestrand@inc.sf.no

**INC VEDLIKEHOLD SVELGEN AS**
Postboks 161, 6721 Svelgen – Tlf. 57 79 67 81 – Fax 57 79 67 99
E-mail: arne.jan.engen@inc.sf.no

**INC ENERGY AS**
Damsgårdvn. 131, 5162 Laksevåg – Tlf. 55 34 80 30 – Fax 55 34 00 52
E-mail: geir.johannessen@inc.sf.no

**NBN ELEKTRO AS**
Postboks 3, 6901 Florø – Tlf. 57 75 28 00 – Fax 57 75 28 01
E-mail: anders.nodseth@inc.sf.no

**HAV HAVLANDET HAVBRUK AS**
Postboks 323, 6902 Florø – Tlf. 57 75 18 00
Fax 57 75 18 03 – E-mail: bjorn.lillelien@inc.sf.no

**NCP NORSK CONTRACTING PARTNER AS**
Fjord Base, Postboks 6, 6901 Florø – Tlf. 57 75 18 71
Fax 57 75 18 01 – E-mail: knut.hagen@inc.sf.no

**NOM NORWEGIAN MARINE AS**
6940 Eikefjord – Tlf. 57 74 94 86 – Fax 57 74 94 87
E-mail: frode.tonheim@inc.sf.no

**FJORD BASE AS**
Postboks 323, 6902 Florø – Tlf. 57 75 18 00 – Fax 57 75 18 01
E-mail: jim.haugland@inc.sf.no

**WIS WEST INDUSTRI SERVICE AS**
Postboks 44, 6901 Florø – Tlf. 57 75 27 00 – Fax 57 75 27 01
E-mail: jorgen.agledal@inc.sf.no

**WISS WEST INDUSTRI & SKIPSSERVICE AS**
Postboks 44, 6901 Florø – Tlf. 57 75 27 00 – Fax 57 75 27 01
E-mail: jorgen.agledal@inc.sf.no

**SAGA FJORDBASE AS**
Postboks 283, 6902 Florø – Tlf. 57 74 56 00 – Fax 57 74 56 66
E-mail: agnar.stromsnes@inc.sf.no

www.incgruppen.no

NATVIK, FLORØ



# Eikefjord

Miljø- og aktivitetstranda i Eikefjord er eit av dei største løfta som er tekne med omsyn til utvikling av bygda. Dette er eit prosjekt som har inkludert bygdefolket, lag og organisasjoner, næringsliv, kommune og fylkeskommune.

Eikefjord Grendalag (EG) med underliggande strandkomite er svært stolte av å ha fått vere med og ta dette løftet. Området vil for all framtid stå som eit ansikt utad for Eikefjord. Det vere seg om ein kjem sjøvegen, køyrer gjennom sentrum eller tek nyevegen utanom bygda.

Miljø- og aktivitetsstranda vil bli viktig i framtidige Eikefjorddagar der friområdet mot sjøen og badestranda kan gje oss ei ramme som spelar på lag med ideen bak dette arrangementet.

***Det gode liv med oppleving for heile familien!***

Det er derfor med stor glede at Eikefjord Grendalag som arrangør av Eikefjorddagane kan bidra med sluttføringa av anlegget, ved å gje overskotet av Eikefjorddagane 2006 til miljø- og aktivitetsstranda.

# Prosjektakse:

- 1996: Kyrkjebukta vart teken ut av reguleringsplan for Eikefjord sentrum.
- 2000: EG startar opp arbeidet med ny reguleringsplan.
- Jan 2001: Planane vert lagt ut på offentleg høyring.
- 2002: Nye føresetnadar, EG utarbeidar nye planar, nye bygdemøte, sakshandsaming ...
- Vår/sommar 2003: Nye planar vert lagt ut til ny offentleg høyring.
- Juni 2004: Endeleg reguleringsplan vart godkjend juni 2004 av Flora Bystyre.
- 21.09.04: Statens Vegvesen får uventa store overskotsmassar etter siste traséberekning.
  Dei tek kontakt med EG og tilbyr overraskande 15 000 m3 stein.
- 29.09.04: Kick-off møte i Eikefjord med ulike samarbeidspartnarar.
- 6 veker: Høgt tempo, mange papir og skjema skal godkjennast.
  Flora kommune framstår som solid JA-kommune!
- 29.10.04: Fyrste steinlass vert tippa på Kyrkjebukta.
- 2005 og 2006: Realisering pågår. Entreprenørar og dugnadsinnsats frå bygda.



### Brigt Samdal og Koriander med felleskonsert

# «Kryddersmør»

Eitt av høgdepunkta under Eikefjorddagane 2006 vert utan tvil kyrkjekonserten fredag 18.august kl. 20.00. "Smørtenoren" frå Hamna, Brigt Samdal, har inne eit spennande og variert program som spenner frå dei varaste melodifraseringar til takløftande crescendo. Spørsmålet blir om glasrutene vil halde når Samdal tar den høge C? Elles vil samspelet med profesjonelle musikarar gjere dette til ei minnerik oppleving.

Tradisjonen tru, opnar Eikefjorddagane også i år med ein kyrkjekonsert. I år er det Koriander som står for opplegg og regi. Denne gongen har koret hatt eit nært samarbeid med musikarane Steinar Karlsen, Laila Beate Førde og Jarle Grotle. Desse vil under konserten både fungere som band og som soloartistar, Nytt av året er dessutan at dirigenten for Koriander, Brigt Samdal, for første gong vil framføre eit eige repertoar som ein vesentleg del av konserten. I tillegg vil han være solist med koret som han også dirigerer.

- Konsertrepertoaret er lagt opp med tanke på at det skal nå flest mogeleg, seier Samdal. Og han legg ikkje skjul på at ei slik framføring er krevjande. – Mykje stoff skal lærast og i tillegg skal det heile samkøyrast med musikarane. Men vi føler oss privilegerte. Dette er første gongen vi som kor har ansvaret for ein heil konsert, og som dirigent føler eg meg svært nøgd med at vi har nådd eit nivå som gjer det mogeleg å ta på oss eit slikt arrangement. Ikkje minst at vi no kan våge å stille opp i lag med profesjonelle musikarar. Så dette gler vi oss til, seier Brigt Samdal.

Kva du vil få høyre under konserten er hemmeleg, men vi kan røpe at spekteret er vidt; frå svenske viser og norsk tradisjonsmusikk til engelske "evergreens".

Så denne konserten må du berre få med deg! Staden er Eikefjord kyrkje fredag 18.august kl. 20.00.





Foto: Roger Elvik

# Fredag 18. august:

17.00: Høgtideleg opning av Eikefjorddagane 2006 på miljøstranda, Kyrkjebukta. Her vert det nedlegging av grunnstein for det nye servicebygget. Vi har sjølvsagt invitert ei som har greie på fornying til å gjere denne jobben…!

Kakebordet vert i år arrangert på Allhuset vårt. Gratis kake og kaffi til alle!

18.00: Galleri E opnar årets utstilling. I år presenterar vi utstillarar frå Krukkehuset i Ulsteinvik. Dette er spanande brukskunst og det er mogleg å sikre seg godbitar frå utstillinga.

20.00: Konsert i Eikefjord kyrkje. Solist Brigt Samdal og Koriander har bede saman til konsert. Dei får hjelp frå Jarle Grotle på piano, Laila B på saxofon og Steinar Karlsen på gitar. Denne må dykk få med!

På kvelden er Sjøkroa staden å vere.
Sosial omgang med trivelege menneske og noko godt i glaset, og så;

24.00: Årets "kulturelle" happening. Kvart år har vi ei overrasking. Kva blir det i år?

Vi forhandlar:
**LUNA - METABO**
**STHIL - KJØKKENUTSTYR**
Leverandør både til forbrukar og industri!

**Jernia Snorre**
Hestenesgaten 4
6900 Florø
Tlf. 57 74 28 08 / 57 74 15 40

Råd & Regnskap®
FLORØ • FØRDE • SOTRA
www.rr-f.no

Regnskap • Lønn • Fakturering
Rådgivning • Styrearbeid

Hamnegata 1, 6900 Florø
Telefon 57 75 25 00 – Fax 57 75 24 90
E-post: post@rr-f.no

N·A·R·F
Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening

*Vi leverer – du opplever!*



*Bistro «To kokker»*

**CATERING TIL:**
- Bryllup
- Konfirmasjon
- Dåp
- Slektsstevne
- Fødselsdager
- Møter m.m.

*Kontakt oss og se vårt utvalg!*

**Bistro To Kokker**
**CATERING**
Tlf. 57 74 07 97 - www.tokokker.as

*Solrikt og triveleg – uteservering!*

*Åpent: 09.00–16.00*
*Lokaler opptil 400 personer*

**Bistro To Kokker**
**KAFÉ SAMFUNNSHUSET**
Tlf. 57 75 22 33 - www.tokokker.as



## Laurdag 19. august:

| | |
|---|---|
| 10.30 | Marknaden opnar. I marknadsteltet finn du brukskunst og gardsmatprodukt. Kom og gled deg over ymse godbitar for kropp og sjel. |
| 11.00 | Opplev mangfaldet ved årets Eikefjorddagar: Bondegard; Ansiktsmaling: berre for dei minste??; Diverse vannaktivitetar, til dømes kanopadling; Fiskekummar; Spikking; 4H med lavvo; Galleri E; Skattejakt; Tojulstraktortaxi |
| 12.00 | Matstasjonane opnar. Huldreskogen tiltrekker seg dei minste - ved Ica, Sunnarvik Sanitet griller kjøtt og fisk - ved Spar, Pensjonistlagets Kafé serverer kaffemat - i Allhuset, og ikkje minst har Sjøkroa eigen meny for Eikefjorddagane. |
| 12.00 | Segltur med Svanhild, eit tilbod til heile familien. Bli med på kurs i segling på sjølvaste galeasen Svanhild. Kun laurdag. |
| 13.00 | Linedance innføring. For deg som vil lære linedance. Gjer du det bra her har du høve til å vere med på oppvisninga sundag kl 1500. |
| 14.00 | Sogn og Fjordane teater syner teaterforestilling for barn: "Ha det på badet", om grisane som ikkje ville vaske seg. Ei framsyning som er eigna for born i alle aldre, men mest for dei minste. |
| 16.00 | Sandvolleyballkonkurranse på den nye bana på stranda. Ulike lag og organisasjonar konkurrere seg imellom i ei uhøgtideleg sandvolleyball-turnering. Dette skal vere morosamt og underhaldande. Difor er det ingen føresetnad at laga kan spele sandvolleyball.<br><br>Rokonkurranse. Eikefjorden vann si eiga rokonkurranse i fjor. Er det nokon som utfordrar oss i år? |
| 21.00 | Dans på Allhuset vårt med Spik Adel. Bli med og dans! |

## «Ha det på badet»

*av Roger Hilleren*



No er dei to hysterisk morosame figurane tilbake! Sogn og Fjordane Teater presenterer «Ha det på badet» som handlar om to griser som ikkje vil bade, men den strenge Griselle Ribbermoen er av ein annan meining. Ho tilsetter dei to staute karane Detek og Tiven. Korleis vil dette ende? Stykket skal visast på Eikefjord skule laurdag 19. og søndag 20. august. Passar for born i alle aldre!

*Regi: Nils Peter Underland.*
*I rollene: Helge Sveen og Roger Hilleren.*

SoFt

**Byggeplaner?**

SYSTEMHUS

Systemhus har markedets mest komplette leveranse. Spesielt stolte er vi over vårt Friske Hjem-konsept.

*Ta kontakt, så forteller vi deg mer!*



Svein Steinhovden byggservice a.s

Postboks 474, 6901 Florø
Tlf. 57 74 07 30
Faks 57 74 06 80
E-post: bafloroe@online.no

VOLVO LAND ROVER RENAULT

Sunnfjord Auto A/S

MEDLEM AV: NORGES BILBRANSJEFORBUND NBF

Halbrendsøyra 8 - Postboks 491 - 6801 Førde
Telefon 57 83 72 00 - Telefax 57 83 72 01

TANNLEGE

JACK INGEBRIGTSEN

Telefon 57 74 14 44 - Strandgt. 13 - 6900 Florø




# Søndag 20. august:

**10.30** Marknaden opnar. I marknadsteltet finn du brukskunst og gardsmatprodukt. Kom og gled deg over ymse godbitar for kropp og sjel.

**11.00** Opplev mangfaldet ved årets Eikefjorddagar:
- Bondegard
- Ansiktsmaling: berre for dei minste??
- Diverse vannaktivitetar, til dømes kanopadling
- Fiskekummar
- Tojulstraktortaxi
- 4H med lavvo
- Galleri E
- Skattejakt
- Linedance innføringskurs
- Spikking

**12.00** Matstasjonane opnar.

**13.00** Linedance innføringskurs ved scena bak ICA. Gjer du det bra her har du høve til å vere med på oppvisninga kl 1500.

**14.00** Sogn og Fjordane teater syner teaterforestilling for barn: "Ha det på badet", om grisane som ikkje ville vaske seg. Ei framsyning som er eigna for born i alle aldre, men mest for dei minste.

**15.00** Æres den som æres bør! No kjem tida til å dele ut prisar til dei som har utmerka seg, både i helga, i løpet av året og ikkje minst utdeling av Eikefjordprisen.
Skulemusikken er 40 år i år! Dei underheld oss med utdrag frå jubileumskonserten.
Linedance oppvisning

**16.00** Vi avsluttar årets Eikefjorddagar med Gudsteneste på miljø og aktivitetsstranda i Kyrkjebukta. Ei høgtideleg og verdig avslutning på Eikefjorddagane 2006.








## Jostein Gangstø – Tønneprodusent

**Samnøy, 5642 Holmefjord, tlf./fax 56 58 29 59, mobil 971 11 153**
**E-post: jostein.gangsto@fusi.no**

På Eikefjorddagane vil du finne oss med eigen stand. Der vil du få sjå mange fine produkt basert på tradisjonelt bøkkerhandverk. Vi produserer bl.a. sittegrupper av tønner for vaksne og barn – halvtønne, heiltønne og stampar til salting av kjøt og fisk m.m. Dessutan til dekorasjonar og beplanting. Og vedfyrt badestamp!
Eikefjord var for kort tid sidan ein bøkkerhovudstad i regionen. Vi gler oss til å snakke med dei som ikkje kjenner til dette handverket - og med «gamle» bøkkerar frå Eikefjord. Med andre ord – god historieformidling. Vi snakkast!




*Ta kontakt med oss før alt blir helsvart!*



ADVOKATENE
WALTER HØIVIK STIG NYBØ
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING
TELEFON 57 74 17 77 – TELEFAX 57 74 03 20
E-MAIL: hoivik.nybo@o2i.net

# UTSTILLARAR:

## Bjørg og Jens Heggestad - Elvebakken Gardsysteri



I Veitastrond finn vi eit lite og eksklusivt gardsysteri. Geitene til Bjørg og Jens Heggestad beiter i Jostedalen nasjonalpark ved den mykje omtala fjelltoppen Kaldakari. Denne geitemjølka er utgangspunktet for den eksklusivt heimelaga ekte geitosten med same namn som fjelltoppen. Med ekte geitost meiner vi ein brun geitost laga av 110% rein geitemjølk! I tillegg til geitosten vil Bjørg og Jens også ha med seg god gammaldags mylse for sal. Dette er varer som må smakas, så nytt høve til å slå av ein prat og få dykk ein smakebit.

## Guus Morel – Alm Gard Iskrem



I den vakre bygda Feios i Sogn har dei fått innflyttarar som satsar utradisjonelt. På Alm Gard finn vi Telemarkskyr, høns, grønsaker og bringebær. Med utgangspunkt i eigne råvarar produserar Guus Morel og familien heimelaga iskrem etter tradisjonelle oppskrifter. Nydeleg og velsmakande is laga av frisk mjølk, fløyte og egg, og smakssett med sjølvdyrka friske fruktar. Denne isen inneheld ikkje kunstig aroma, fargestoff eller konserveringsmiddel. Under årets Eikefjorddagar kan du forfriske deg med eit slikt unorsk gardsmatprodukt. Denne utstillaren vil berre vere tilstades på laurdag, og kven veit om ikkje det her er fare for at det vert utseld tidleg…

## Jarl Iversen – Bakke gardsmat



Frå Holmedal kjem Bakke Gardsmat til årets Eikefjorddagar. På garden driv dei med kjøt- og planteproduksjon. I utkanten av tunet ligg foredlingshuset som er innreda i tråd med offentlege forskrifter, med mottak, kontrollrom, modningsrom, kjøl, frys, foredling og utsal. Jarl Iversen er ein særprega gründer som har vore, og er, ein spydspiss innan fleire landbrukssektorar. På denne standen kan ein få kjøpt flotte kvalitetsprodukt frå ulike husdyrrasar. Iversen har med seg ein mengde type varar. Du kan få handla middagsprodukt i ulike salta og tørka variantar av både vilt-, småfe- og storfekjøt. Av påleggsvarer har han også eit rikt og mangfaldig utval av postei, rull og pølser. I tillegg er Jarl ein god mann å diskutere norsk landbrukspolitikk saman med. Legg turen innom Bakke Gardsmat si utstillingsvogn og fyll posen med flotte kvalitetsprodukt frå norsk landbruk.

## Trond Henrik Eplet – Eplet Bed & Apple




Frå Solvorn kjem Trond Henrik Eplet med sin uimotståelege bringebærnektar. Dei saftige bæra er plukka i bygda innst i Sognefjorden og pressa same dag på Open Juice Factory i kjellaren på Eplet Bed & Apple. Eplet er eit internasjonalt prega hostell med avslappa atmosfære, hengekøyer i hagen, gratis syklar til utlån og ein 9 mål stor frukthage. Les meir om Eplet sin gardsturisme i moderne format på www.eplet.net. Juicen blir for det meste seld til hoteller og kaféar. Under Eikefjorddagane kan også du få ein smakebit av foredla frukt frå vakre Solvorn. Nytt høve til å sikre deg nokre kartongar av denne himmelske bringebærnektaren! Og ikkje vent til toget er gått, for denne standen har vi berre glede av på laurdag.

atema



«Hjelpa er nærare enn du trur!»

- Dataservice
- Data / Telecomløysingar
- Høg kompetanse

– di lokale redning

in data

Evjegata 10,
P.B. 622 - 6903 Florø
Tlf. 57 75 87 00 - Fax 57 75 87 01
www.indata.no

tele data service
industridata as

Florø Skyssbåt

Charterturar • Båtturar Skyssbåtservice • Rutetrafikk
Frode mobil +47 913 77 272
www.fsbs.no • E-post: mail@fsbs.no

Rognaldsens GARTNERI as

6900 Florø
Telefon: Utsalg 57 74 20 42 - Gartneri 57 74 22 94

OASEN Hageland



# UTSTILLARAR:

## Per Stavang – Neset Røykeri



I nabobygda Nordalsfjord ligg Neset Røykeri. Her røykar ålekongen Per Stavang ål til dei finaste restaurantar. Kvaliteten på denne delikatessa tilfredsstill dei mest kresne ganar. Kunsten å røyke laks beherskar han også til fulle. Under Eikefjorddagane 2006 kan du nytte moglegheita å kjøpe med deg litt røykt vare du også. Han vitjar oss med både ål og laks for sal. Enten du er vand med å ete ål, eller ynskjer å prøve noko nytt, bør du legge turen innom Per Stavang og sikre deg eit røykt kvalitetsprodukt. (Foto: Firdaposten)

## Steinar Knapstad – FjordAngus



På Knapstad gard driv dei med kjøtfe av rasen Aberdeen Angus. Denne storferasen er spesiell med omsyn på feittmarmorering i kjøtet. Dette gjer at kjøtet vert særdeles smakfullt og saftig. For å få best mogleg kjøttkvalitet er det viktig med rolege og harmoniske dyr, og ikkje minst eit godt dyrehald. Desse vakre dyra beiter i utmarksbeite i skogen rundt Knapstad. I samarbeid med Gilde Vest har dei fått til eit opplegg som kallas Fjord Angus. På Eikefjorddagane bør dykk nytte anledninga til å kjøpe ein ferdigpakka 20 kg kartong av okse bakpart. Dette er gourmetmat!

## Inga Sæterlid – lefser og gimpa dåpskjole



Lefsene til Inga Sæterlid får dei fleste til å verte mo i knea. Dette er nydelege Sunnfjordlefser som er baka lokalt her i Eikefjord. Inga Sæterlid veit å ta vare på gamle tradisjonar. I tillegg til lefsebaking, tar ho vare på den meir sjeldne teknikken gimping. For dei uinvidde, kan vi opplyse om at gimping ikkje har noko med mat å gjere. Dette er ein husflidsteknikk. Inga Sæterlid vil ha med seg ein vakker gimpa dåpskjole for sal.

## Gert Elsinga - Eikolade



Kven kan vel motstå ekte heimelaga konfekt? Konditoren frå Holland som har vald å bli Eikefjording har store planar. Sjokoladen han produserar har fått det velklingande namnet Eikolade. Med ekte Belgisk sjokolade som utgangspunkt lagar Gert Elsinga desse delikate og smakfulle godbitane. Med ein slik liten luksusbit i munnen kan du verkeleg kjenne det gode liv Eikefjord. Enda ein Eikefjording vi kan vere stolte av! (Foto: Dag Frøyen)

## Bjarte Midtbø - Kystvilt



På garden Skogheim i Fjaler kommune har familien Midtbø starta kontrollstasjon og mottak for hjort. Dette er utgangspunktet for deira gardsmatproduksjon. Kystvilt sel både kjøtt og vidareforedla produkt av hjort, og har etter kvart opparbeida seg til å få eit solid omdømme når det gjeld kvalitet. Ein god del varer vert levert direkte til fleire av dei store restaurantane i Oslo. Hjorten er ein viktig ressurs her i fylket, og med si eminente vidareforedling, gjev Kystvilt oss ein god smak av den norske fauna.

Min grossistforbindelse: HEIDENREICH www.heidenreich.no

*Tilbyr alt innen VVS*
- *Rehabilitering*
- *Nybygg*
- *Sertifisert plastrør-sveiser*

**EIKEFJORD RØR AS**

RØRLEGGERMESTER SVEIN KNAPSTAD
6940 Eikefjord - Tlf. 57 74 65 60
**Mobil 958 89 090** - Fax. 57 74 65 61

MESTER · GODKJENT FOR ANSVARSRETT



**INSTALLASJON:**

El. installasjon, service og vedlikehald for:
Industri • Bustad • Lakseoppdrett • Landbruk

**BUTIKK:**

Lampar • Skjermar • Støvsugarposar • Pærer/Lysrør
Varmeomnar • Små-elektrisk utstyr Kvitevarer - Asko/Elto

**KULDETEKNIKK:**

Nymontering og service av:
Kjølehjørne • Varme-pumper Kjøle- og fryserom • Aircondition

ELEKTROENTREPRENØR
**Eikefjord Elektro A.S**
ELEKTRO OG KULDETEKNIKK

*våre gode tilbod under Eikefjord-dagane 2006!*

Sentrum, 6940 EIKEFJORD
Tlf.: 57 74 45 90
Fax.: 57 74 45 70
E-mail: eikefjord.elektro@netcom.no

onninen EXPRESS

Mobil elektro: 90 99 25 90
Mobil kulde: 91 10 02 30




# UTSTILLARAR:

## Hanne Haukom - keramikk



I år har vi vore så heldige å få ein keramikar heilt frå Tønsberg til å selje sine flotte varer her i Eikefjord. Ho arbeider med porselen og interesserer seg både for bruksting og meir billedbaserte ting. Flisene ho lagar kan nyttast i ein funksjonell samanheng eller vere bilete på ein vegg. Dei støypte porselenskoppane til Hanne avslørar ein kunstnar med ein leiken sans for ornamentikk. Både prikkar, hjarter og blomar i glade fargar prydar koppane, saman med enklare uttrykk som strekar og rektangler.«God form har definerte linjer, og det er teke stilling til avslutninga. Den er ikkje nødvendigvis stram, men den er heilt sikkert eit resultat av bevisste val,» seier ho. På oppfordring beskriv ho sine arbeid som; feminine, men tydelige. Sjølvsikre, men ikkje brautande.



## Toril Tørvi – Millepille

I Marifjøra finn vi noko så eksklusivt som ein klesdesignar. Toril Tørvi er utdanna innan design og mønsterkonstruksjon, og har satsa på barnekle. Disse kleda framhev uskuld og nostalgi, og er berekna på barn i alderen 2-10 år. I tillegg til å selje frå si trivelege dukkestove her hos oss, kan vi finne dei fine kleda på nettbutikken: www.millepille.no. Vi gler oss til å kunne handle Millepille-kle under Eikefjorddagane 2006.



Foto: Debra Foto - Oskar Andersen

## Hilde Buer – villsauskinn

Villsaubøndene på Grønenga kjem til Eikefjord i år også. Hilde, Øyvind og Ingri har i løpet av året som gjekk trådd inn i filmens verden. Den nydelege filmen om Hilde og hennar livsval har vunne mang ein nordmann sitt hjarta. Filmen vart nominert til prisen for beste dokumentar under ein stor filmfestival i Washington. På Eikefjorddagane 2006 kan du nytte høve til å kjøpe ein kopi av filmen eller eit vakkert villsauskinn.



## Ziva Jelnikar Berge – sølvsmykker og trerammer



Likar du å smykke deg? I så fall må du nytte høve til å kjøpe eit sølvsmykke laga av den dyktige sølvsmeden Ziva Jelnikar Berge. Ziva kjem opphavleg frå Slovenia. Ho er ei mangfaldig dame med mange jern i elden. I tillegg til å arbeide som landskapsarkitekt, er ho sølvsmed og rammemakar. Smykka hennar er moderne, stilreine og vakre. Av gammalt rekve skaper Ziva flotte rammer med sjel.



Sunnfjord 2020 er eit verktøy for vår region for å skape nye og sikre eksisterande arbeidsplassar.

Omstillings- og utviklingsarbeid er hovudsakleg retta mot næringslivet og deira organisasjonar.

Bukvalitet og rammevilkår er viktige grunnsteinar for å lukkast med dette omstillingsarbeidet.

Eikefjord er eit godt døme på at omstillingsarbeid og utvikling lar seg gjennomføre når innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar, kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen jobbar aktivt mot eit felles mål.

*Sunnfjord 2020 vil ønskje Eikefjord Grendalag lukke til med å setje Eikefjord på kartet endå ei gong!*

# Lukke til med Eikefjorddagane 2006!

Sunnfjord 2020

www.sunnfjord2020.no



# UTSTILLARAR:

## Kari Klev – MerMohair




Den sjarmerande odelsjenta Kari Klev kjem langveisfrå for å bringe Mer-Mohair inn i Sunnfjordingars kvardag. Mohairgeiter er foreløpig ikkje så veldig vanleg i Noreg, men er ein rase som fleir og fleir vert fascinert utav. Denne geita, med si særeigne utsjånad, kan karakteriserast som hyggjeleg, elegant, lettbeint, nøysam og ærverdig. Ull frå den eksklusive mohairgeita er uimotståelig varm, glansfull og silkemjuk. Er du glad i å strikke, kan du sikre deg fargerikt garn av Mohairgeitull. MerMohair vil også vise oss små godbitar av sin haustkolleksjon for 2006.

## Vilfred og Leidulf Nilsen - Holmøyane Seletøy



Ved det djupe Hornindalsvatnet finn vi to dyktige karar som lagar seletøy til hest av høg kvalitet. Både saum og tillaging av bogtre skjer etter mål. Her snakkar vi om handverk av god gammaldags tradisjon. Hos Holmøyane Seletøy kan du bestille alt av seletøy. Dette er ein stand som det vaksande hestemiljøet i Eikefjord (og elles i Sunnfjord) ikkje må gå glipp av. Vi gler oss til å ha skikkelege salmakarar presentert her hos oss.

## Anne Cecilie Kapstad og Eva Kristin Prestegård Dale – Perlevenner



I Sunnfjord finn vi to kreative damer som liker å jobbe med perler. Av glasperler, halvedelsteinar, swarowski-materiale, fasetter og liknande designar Anne Cecilie og Eva Kristin lekre smykke. Alle smykka er i nikkelfritt materiale. Begge to er sjølvlærte og gler seg over den gode responsen dei har fått. Her er smykkeglede i fokus, så ingen smykke blir heilt like. Så engasjert er dei i dette arbeidet at dei no planlegg å lage ei bok om denne forma for smykkelaging.

## Åse og Anita Havn – Saum og Strikk



Åse er vår faste humørspreiar i marknadsteltet. Både ho sjølv og produkta hennar er til å bli glad av. Åse syr vadmelsvestar med skinndekor, hattar, beltepungar, samt diverse dekorerte vesker av mindre storleik som kan nyttast til ulike høve. I år som i fjor har ho også med seg dei fargerike strikkeprodukta som er laga av dottera Anita. Dei fjonge trekantsjala i spreke farger er laga både i bomull og i eksklusiv alpakkaull. Med friske fargar og snerten design kan einkvar kvinne pynte seg til kvardags og fest.

*Din lokale blomsterleverandør…*

Euro Florist



**AnnSolei Blomster**

Sentrum - 6940 Eikefjord - Tlf. 57 74 46 01 - Fax 57 74 4

**HELLENES AS**

AUTOMASJON - ELEKTRO - MEKANISK

*Vi ønsker Eikefjord Grendalag til lukke med Eikefjorddagane 2006!*

Vie, 6800 Førde
Telefon 57 83 71 50
Fax 57 83 71 51

Jan Telstø
Mobil 994 46 400

John Inge Langedal
Mobil 971 70 722

**mail@hellenes.as**
**www.hellenes.as**

**Vil du oppleve kysten av Sogn og Fjordane?**



Ta kontakt med oss og vi gjev deg den beste ferieopplevinga.

**Vestkysten Reiseliv AS**
tlf. 57 74 75 05 - www.vestkysten.no

Vestkysten

***Vi berre gjer det!***

Grafisk design – Kommunikasjon – Salsstøtte
Adressering – Trykksaker

atema

Hamregata 1 - Postboks 447 - 6903 Florø
Tlf. 57 00 93 70 - Mobil 900 53 141
E-post: atle@atema.no - **www.atema.no**



# Kunstutstilling Galleri E



**GRY NERLAND** - har eige keramikkverkstad på Nerlandsøya i Herøy kommue. Ho har jobba med keramikk i ca. 4 år. Ho lagar handbygde produkt i steingods, og det viktigaste for ho er at tinga hennar gir ei glede i kvardagen. Gry Nerland har ei forkjærleik for kvardagsenglar. Eit anna favorittemne ho arbeider med er haner og høner. Dei fleste tinga har ei bruksform, som vasar, lysestakar, skrin o.a. Gry Nerland har vore utstillar ved fleire høve rundt om i distriktet, og sel også tinga sine gjennom 2-3 galleri.





**AINA MOLDSKRED** - Fantasiverda står sentralt i mykje av kunsten til Aina Moldskred. Bilete som appellerar både til vaksne og born. Ho brukar ulike teknikkar i sitt arbeid, men som fellesnemnar nyttar ho klare avstemte fargar og bodskap. Ofte med delar av eit eventyr, ei verseline eller annan tekst vevd inn i motivet. Aina er født i 1968, og kjem frå Ulsteinvik, på Sunnmøre. Gjennom kjøpet av ein eldre eigedom sentralt i heimbyen har ho skapt "Krukkehuset", eit hus for kreativitet, varme og omsorg, der ho også har tilhald med kunsten sin. Ho har ikkje nokon formell kunstutdanning men kreativiteten fekk utløp under formingsstudie ved Høgskulen i Volda i 1998. Sidan har ho mala og skapt på ulike områder, mest i akvarell og akryl.







**VERONICA SUNDGOT HIDE** - har alltid vore glad i å lage ting, og for fem år sidan byrja ho med glas. Har teke ein del kurs på Averøya, samt eksperimentert/lest ein del på eiga hand. Veroncia har delteke på diverse messer/utstillingar i nærområdet, samt at ho sel tinga på nokre galleri/butikkar. Ho er heilt hekta på glas, og håpet er ein gong å kunne leve av det. Veronica Sundgot Hide er fødd i 1969, oppvokst på Sundgot i Ulstein kommune. Gift trebarnsmor, no busatt i Gjerdsvika i Sande kommune. Jobbar deltid i Nidar AS, og driv ved siden av med glasfusing. Driv gard med saudehold og har laga verkstad og gardsutsalg i gamlehuset på garden.





**KIRSTI TEIGEN LILLEBOSTAD** - er glad i ullfibrene og alle mulighetene som finnes i ulla. Ho har enda ikke opplevd noen form for begrensning. Ved hjelp av såpe og vann tover ho ulla til filt, som igjen vert forma til hatter, vesker, bekledning og ulike gjenstander som kan pryde heimen. I den seinare tida har ho skapt mange hjerteskulpturer, som har blitt til glede for mange. Produktene hennar ber preg av gleda ho har av å jobbe med form og farge.
Filtmaker Kirsti Teigen Lillebostad er 43 år, bur og arbeider på Emblem i Ålesund kommune. Medlem av Norske Filtmakere fra år 2000. Dei siste årene har ho delteke på mange felles utstillinger, og gler seg over å få være med her i Eikefjord.

MASKINENTREPRENØR

**Audun Ramsdal as**

6940 Eikefjord
Mobil 952 96 060 - Telefon 57 74 75 10 - Fax 57 74 75 11
audun@ramsdalmaskin.no - www.ramsdalmaskin.no

**HAVdyrkerne BA,** Trolleskjeret, Postboks 453 - 6903 Florø
Tlf.: 57 75 01 20 - Fax: 57 75 01 21 - Mobil 97 55 17 00 / 97 55 17 01
E-post: post@havdyrkerne.no - **www.havdyrkerne.no**

No markerer vi alle produkt som inneheld mindre fett, sukker, salt og meir fiber.
Sjå etter nøkkelhol-symbolet i butikkhyllene!

ICA nær
Eikefjord
Tlf. 57 74 45 66
OPNINGSTIDER:
09.00–19.00
(09.00–18.00)

Ny lokalisering
- nye tjenester!

Musikk & Tv-Service

Instrumenter – Radio- / TV-verksted – Hvitevareservice
Hamnegata 1 – 6900 Florø – Tlf. 57 75 01 80 – **www.mtvs.no**







## Sandvolleyballturnering

Laurdag 19. august kl. 16.00 brakar det laust på badestranda. I alt åtte lag skal spele i to puljer, med påfylgjande bronsefinale og finale. Føresetnaden for å delta i turneringa er at ein skal representere eit lag eller ein organisasjon, og at ein skal kle seg i klede som representerar det laget eller den organisasjonen ein høyrer til. Forkunnskapar når det gjeld volleyball er altså ikkje eit krav! Vi kan allereie røpe at heimesjukepleien, Ungdomslaget, Fotballgruppa og Friidrettsgruppa har meldt seg på... Dei fire siste laga vil vere "hemmelege" fram til turneringsstart.

:-) Det er dermed duka for fleire overraskingar denne laurdagen!! Så møt opp på stranda for å sjå galskap og vinnarinstinkt i fri utfolding. (Det ryktast at kommentatorar og DJ`ar kan kome til å dukke opp, men dette er førebels ubekrefta rykter.) :-)

## Dans med «Spik Adel»



Laurdagskvelden vert det fest og dans på Alllhuset i Eikefjord. Dørene opnar kl 21. Vi har for tredje gong fått tak i «Spik Adel» frå Bremanger. Som namnet seier spelar dei sterk og vedvarande rockn roll frå -70, -80 og -90-talet med røter i folk, blues og moderne country. Ønskjer du å løyse svetten på dansegolvet eller leske strupen ute eller inne, er Allhuset plassen denne kvelden.







Foto: Roger Eltvik





***Nokre glimt frå BU-heftet som vart utgjeve av Grendalaget i vår. Heftet kan kjøpast på Eikefjorddagane.***



Foto: Harald J. Stavang






VELKOMMEN

*til en hyggelig og lønnsom traktor- og redskapsprat på vår stand!*



**Aase Landbruk a/s**
6973 SANDE I SUNNFJORD
Tlf. 57 71 64 40 - Mobil 990 98 850

**McCormick CX**
**Serie 75, 85, 95, 105**

**NOM NORWEGIAN MARINE AS**
6940 Eikefjord - Telefon 57 74 94 86 - Telefax 57 74 94 87

PLASTPRODUKSJON • SLIPPING • OMBYGGING
PREFABRIKERING, KJØLE-/FRYSCONTAINER

***Topp kvalitet***
***– Best på service***

ARBEIDSOMRÅDE:
- Total rehabilitering av baderom
- Sanitæranlegg
- Vannbårne varmeanlegg
- Pumpeanlegg

***Servicebil i Flora (Eikefjord) og Bergen!***

**Mestermo VVS**
Sentrum- 6940 Eikefjord
Tlf. 57 75 33 10 - Faks 57 75 33 11
**Mobil 916 11 279**
**E-post: post@mestermo.no - www.mestermo.no**



**www.ewos.com**

Laks er sunt
– og nødvendig for god helse

Både dokumentasjon, overvåking og internasjonale risikovurderinger viser at oppfordringen om å spise mer fisk, inkludert laks, er riktig. Forskning viser dessuten at de som eventuelt slutter å spise fisk øker helsefaren dramatisk. Så – spis mer fisk!

**Vi ønsker Eikefjord Grendalag lykke til med Eikefjorddagene 2006!**

EWOS®

**EWOS Florø** - Gunhildvågen - N-6900 Florø - Tel. +47 57 75 17 00 - Fax +47 57 75 17 01
**Adr. Hovedkontor** - C. Sundsgt. 17/19 - PO.Box 4, Sentrum - N-5803 Bergen - Tel. +47 55 54 84 00

Foto: EWOS






Vatn med ulike smakar frå Olden finn du på Eikefjorddagane 2006!

OLDEN
FRA ISBREEN



**Eikefjord Bygg as**

6940 Eikefjord

Kvalitet i hver spiker - prøv oss!

NYBYGG - PÅBYGG - REHABILITERING

Vi utfører også alt innen betong

Tlf. 57 74 70 08
90 99 40 23

GODKJENT FOR ANSVARSRETT

MESTER



Amfi-senteret,
Hestenesg. 4,
6900 Florø
Tlf. 57 74 22 52

www.cubus.no

**CUBUS**

Man–Fre 10–18 - Lør 10–16



**G-Sport Florø AS**

Hestenesg. 4 - Amfisenteret Florø - Pb. 304, 6901 Florø
Telefon 57 74 44 00 - www.g-sport.no

SPORT
sport er alt





# Ja da, nå kan du bare slappe av…!

Vi har gjort jobben når du
kommer hjem etter en slitsom dag

NOE AV DET VI GJØR ER:
Støvtørking – Gulvrenhol – Støvsuging
Stell av planter – Vindusvask
Sanitærrenhold – Sengeskift – Nedvask
etc. etc. – Prøv oss!



BB ServiceSystem

Ring oss for avtale - telefon **971 63 888** - Marianne

Atema

## Fordeler med Fokus Boligkreditt

- Penger tilgjengelig når du trenger det
- Du betaler tilbake når det passer deg
- Du betaler ikke renter for ubenyttet kreditt
- Du disponerer lånet via nettbanken eller kontofonen

Fokus Bank
del av Danske Bank
Florø tlf. 85409650





Synsenteret
FØRDE • FLORØ
Hans Blomgate 39 - 6900 Florø - Telefon 57 75 81 20 - Faks 57 75 81 21



REMA 1000
Bare lave priser

**REMA 1000 Snorre Senter**
Hestenesgaten 4 - 6900 FLORØ
Telefon 57 74 28 60 - Faks 57 74 28 61

**REMA 1000 Evja**
Florø Næringspark - 6900 FLORØ
Telefon 57 74 00 50 - Faks 57 74 05 58

**MANDAG–FREDAG 0900–2200 – LØRDAG 0900–2000**





**Vi har basert oss på prefabrikering og montering av komplette rør-system for skip og landbasert industri.**

**Alle typar sveising / reparasjonar.**

*Vårt arbeid seglar på alle hav!*





E.M.V.
EIKEFJORD MEK. VERKST.
Nesjane Industriområde, 6940 Eikefjord
Tlf. 57 74 90 55 - Fax 57 74 90 70 - Mobil 911 76 623

# SALG

Wonderland
www.wonderland.no

God søvn avhenger av så mange ting, men en viktig forutsetning er sengen du velger å sove i. Gir den jevn og god avlastning for kroppen, så sover du godt. Det er ingen tilfeldighet at du sover bedre i en Wonderland.



Wonderland Senator
Regulerbar seng
Pris 90x200 cm

**Kr 9.998,-***

*Ord pris 13.090,-

**MØBELRINGEN**

**FØRDE VAREHUS**
Møbel- og utstyrssenteret – Førde – tlf. 57 72 37 90

---

**TESS Florø**
Leirvåggata 5, 6900 Florø
Telefon 57 74 66 00 - Telefax 57 74 66 01
**Slangevakt 57 74 66 10**

**TESS Førde**
Flovegen 8, 6800 Førde
Telefon 57 82 84 10 - Telefax 57 82 84 11
**Slangevakt 57 82 84 20**

**www.tess.no**

---

## Din sikkerhet – vårt ansvar!

**SunTech**
SALG & UTLEIE AS
av kraner, lifter og løfteredskaper
Meierikaia - Florø
Tlf. 57 75 00 20 - Fax 57 75 00 21
salg@suntech.no

**SunTech**
TEST & INSPEKSJON AS
Mårkroken 3, 6900 Florø
Tlf. 57 74 77 60 - Fax 57 74 77 92
test@suntech.no

---




**EIKEFJORD HANDEL A/S – HAVN AUTO AS**

SPAR
Telefon 57 74 47 16

STATOIL
Telefon 57 74 47 16

VIKING REDNINGSTJENESTE
Telefon 57 74 46 08

CITROËN
Telefon 57 74 46 08

Vi har no kre få tomter igjen for sal i Eikefjorde BYGGMANN



Tomtene er solrike og ligg like ved sjøen. Ta kontakt for meir informasjon eller gå inn på vår heimeside: www.floro.boliger.no

BOLIG BYGG FLORØ AS

Pb. 164, 6901 Florø
Tlf. 57 75 00 36 - Fax 57 75 00 37 - Mobil 900 44 382
floro@boliger.no - www.floro.boliger.no

FKS

FLORØ KJØLESERVICE AS
- eit lett val

Nesjane - 6940 Eikefjord
Tlf: 57 74 90 53 - Fax: 57 74 90 34
Mob. 971 99 322
e-post: florokj@start.no
www.fks-service.com

BESØKSADRESSE: NESJANE INDUSTRIOMRÅDE, EIKEFJORD

FARGERIKE®
FLORØ INTERIØR A.S

EVJA - TELEFON 57 74 03 66




# Spesial-tankskip

KD KLEVEN DESIGN

Kleven Florø AS er verdensledende innen bygging av juice- og kjemikalietankere. Kleven Design AS utvikler design av spesialtankskip. Vårt formål er å finne de beste løsninger for våre kunder.



Nybygg nr. 149 og Nybygg nr. 150 for Stolt-Nielsen. Avanserte skip for håndtering av kjemikalier og oljeprodukter. 39 lastetanker, herav 24 i syrefast stål.



Carlos Fischer og Premium do Brasil, bygget for Aleuropa. Verdens første juicetankere bygget for både fersk og frossen juice.

**Se mer på www.klevenmaritime.no**

KLEVEN MARITIME®

| | |
|---|---|
| **KLEVEN FLORØ AS** | P.O. Box 334, NO-6902 Florø, Telefon: +47 57 74 68 00 |
| | e-post: firmapost@klevenflor.no |
| **KLEVEN DESIGN AS** | P.O. Box 363, NO-6902 Florø. Telefon: +47 57 74 68 00 |
| | e-post: firmapost@klevenflor.no |


Steinvik Fiskefarm
– leverer råvarene til sunn mat!
Steinvik Fiskefarm
Steinvik Fiskefarm as - 6940 Eikefjord
Tlf 57 75 25 90 / Fax 57 74 82 20
Atema


CO2 utslipp 164 g/km (1,8 TDCi)- 224 g/km (2,5 T). Drivstofforbruk (kombinert kjøring) 0,62 l/mil (1,8 TDCi)- 0,94 l/mil (2,5 T) *Levert Florø/Førde. Frakt og leveringsomkostninger er inkludert. Årsavgift kommer i tillegg.
S-MAX your life.
Maksimal kjøreglede! Den nye Ford S-MAX er et helt nytt konsept for sporty, kraftfulle flerbruksbiler. Både kjøreegenskaper, motorløsninger og praktiske egenskaper er utviklet for å møte dine behov i en aktiv hverdag. Her får du imponerende plass, 5 + 2 seter med hele 32 kombinasjonsløsninger og Fords unike Fold Flat System, en gjennomført elegant design og maksimal sikkerhet. Velg mellom 2 bensin- og 3 dieselmotorer, med inntil 220 Hk. Pris fra kr 334.500,-*
(1,8 TDCi 125 hk). Se den hos Ford-forhandleren eller besøk www.ford.no
Her er FordS-MAX
Feel the difference
Ford
AutoForum
Førde: Tlf. 57 83 09 60 - Florø: Tlf. 57 75 29 30 - www.autoforum.sf.no






PRICEWATERHOUSECOOPERS

## Revisjon og rådgjeving

Kompetansesenteret med 38 menneske på revisjon og rådgjeving i Sogn og Fjordane.

Partner/statsautorisert revisor:

| | | |
|---|---|---|
| **John Helge Lunde** | mobil | 95 26 13 08 |
| **Jan Ove Helle** | mobil | 95 26 13 33 |
| **Jan Flølo** | mobil | 95 26 13 21 |
| **Terje Bjerkan** | mobil | 95 26 13 44 |

**Advokatfirmaet Gunnar Bøyum**

**Florø • Sogndal • Førde • Måløy • Stryn**

*connectedthinking

*Amfi – Norges største senterfamilie*




AMFI FLORØ

Man–fre: 10–18 (Rema 9–22) • Laur: 10–16 (9–20) • amfi.no

origod

HENNIG OLSEN

Kremen av iskrem!

HENNIG OLSEN IS AS
Strandavegen 32 - 6900 Florø
Telefon 57 75 32 20 - Telefax 57 75 32 21

Kjell Ståle Orheim - Mobil 901 84 935
kjell.stale.orheim@hennig-olsen.no





Hans Endestad
MINIMASKINUTLEIGE
2,5 TONN
6940 Eikefjord
Telefon 57 74 90 40 - 40 21 65 71

POLARIS



ATV
Sportsman
800 EFI

Du finn oss
med eigen stand
på Eikefjorddagane!

Din ATV-forhandlar i
Sogn og Fjordane

Lars Kveen a.s



ATV
Sportsman 6x6
«Arbeidshesten»

Telefon 57 87 20 00 - Telefaks 57 87 20 17 - Vakttelefon 48 02 73 73





# Vi har stand på Eikefjorddagane!

Ta kontakt med oss på vår stand!
Du kan elles nå oss på
e-post: bustadalarm@sfe.no
eller telefon 57 88 47 00

SFE ALARM
www.sfe.no

**HONDA**
The Power of Dreams



Honda CR-V 4WD. Fra kr 350.000,-

CR-V



Honda Accord. Fra kr 329.900,-

ACCORD

**Hvor drømmer du om å prøvekjøre?**



Honda Civic. Fra kr 224.000,-

CIVIC



Honda Jazz. Fra kr 197.800,-

Jazz

**Fakta om Honda CR-V:** Forbruk blandet kjøring fra 6,7 – 9,3 l/100 km. CO2 utslipp fra 177 - 221 g/km. **Fakta om Accord:** Forbruk blandet kjøring fra 6,7-9,4 l/100 km. CO2 utslipp fra 177-215 g/km. **Fakta om Honda Civic:** Forbruk blandet kjøring fra 5,9 –6,6 l/100 km. CO2 utslipp fra 139 - 156 g/km. **Fakta om Honda Jazz:** Forbruk blandet kjøring: 6,9 –7,2 l/100 km. CO2 utslipp 134-137 g/km. *Veil. pris levert forhandler inkl. frakt- og lev.omkostninger. Årsavgift kommer i tillegg. Utstyr og farge kan avvike fra avbildet modell.

**Honda - kjøreglede i mange varianter**

**Janco Bilrep**

Florø – Førde. Mobiltlf. 900 72 263, 915 71 130



atema

# Fra vårt utleiesortement

- Betongblandere
- Bore- og meiselmaskiner
- Damp-, varme- og avfuktingsutstyr
- Forskalingsutstyr
- Minilastere, minigravere
- Rent-bygg utstyr
- Stillaser
- Strømaggregater
- Personløftere, lifter



*Kontakt oss for en hyggelig samtale!*

**UCO - Utleiecompagniet**

Ole Aaserudgt. 1, 6900 Florø
Tlf. 57 75 24 64 - Telefaks 57 75 24 69
E-post: magnar.humlestoel@uco.no

UCO®
UTLEIECOMPAGNIET




Hun er en lidenskapelig perfeksjonist.
Vi gjør vårt ytterste for å støtte henne.

Fisk som er vokst opp på fôr fra Skretting holder den høyeste standard når det gjelder smak, utseende og næringsinnhold. Og den er selvsagt helt trygg å spise. Med andre ord – det beste utgangspunkt for enhver kokk! Vårt unike NuTrace®-konsept forener kvalitet og mattrygghet hele veien fra fôrråvarer til tallerkenklar fisk. Samtlige Skretting-fabrikker er kvalitetssertifisert, og vi overvåker fôret på alle steg i produksjonen. Vårt elektroniske sporingssystem gir nøyaktig og lett tilgjengelig dokumentasjon om alt fisken har fått i seg. NuTrace® tilfredsstiller de strengeste spesifikasjoner fra dagligvarekjeder, matvareindustri og restauranter, og gir dine kunder det beste utgangspunkt for et perfekt fiskemåltid!

**Feeding your passion for fish**

SKRETTING

Skretting leverer høykvalitetsfôr og service til oppdrettere over hele verden, slik at de kan produsere sunn og delikat fisk på en bærekraftig måte. Vi har virksomhet i fem verdensdeler og produserer og leverer fôr for hele livssyklusen til mer enn 50 arter. **www.skretting.no**



## SPONSOR EIKEFJORDDAGANE 2006:

sparebanken sogn og fjordane

Kult kort?
–FORT GJORT!




**DESIGN DITT EIGE KORT**

Brødrene Søreide har bestilt seg nye bankkort med særpreg.
Det er fort gjort! Gå inn på www.ssf.no og design ditt eige bankkort.

Du vel motiv sjølv og får eit kort ingen andre har. Her er det berre fantasien som set grenser...

www.ssf.no

Eikefjord Grendalag
Tlf. 57 75 37 00 – www.eikefjord.net
Postboks 52 - 6941 Eikefjord



# Eikefjord Grendalag takkar allesamarbeidspartnerarogstøttespelarar i samband med Eikefjorddagane!

Grafisk produksjon: Atema as - Tlf. 57 00 93 70 - E-post: atle@atema.no